



Arkivnr: 2017/16474-35

Saksbehandlar: Sigrid Næsheim Bjercke, Anne-Katrine Vabø, Endre Sten Nilsen, Gunhild Raddum, Viddis Robak Bjørgo, Eva Katrine R. Taule

Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.10.2018

## Fråsegn til endringar i bestemmelser og plankart til Kommuneplanens arealdel 2018-2030 - Bergen kommune

### Samandrag

Forslag til kommuneplanens arealdel for Bergen var på høyring vinteren 2017. Hordaland fylkeskommune handsama saka i utval for Kultur-, idrett og regional utvikling, i møtet den 23.01.2018 og hadde motsegn knytt til handel og kulturminne i tillegg til faglege råd knytt til ei rekkje plantema. Planforslaget er i etterkant revidert som følgje av innspel og merknader og er difor lagt ut på ny høyring. Hovudføremålet med endringane er å kome motsegn til plankart og *bestemmelser* i møte. Kommunen viser også til at dei ønskjer å styrke kvalitetskrav til bustader og bumiljø på grunnlag av høyringa og tydeliggjere rammer for tema som støy, blågrøne strukturar, utbygging av infrastruktur og bruk av vannscooter med meir.

Bergen kommune husar halvdelen av innbyggjarane i Hordaland, og kommuneplanen er difor eit viktig dokument for å nå regionale mål. Fylkesrådmannen er i hovudsak positiv til endringane som er gjort og vurderer at *bestemmelsene* har blitt supplert og forbetra på fleire viktige punkt.

I fråsegna til det reviderte utkastet har fylkesrådmannen få merknader knytt til kulturminne og vurderer at motsegn knytt til kulturminne kan trekkjast på bakgrunn av endringane som er gjort i kart og *bestemmelser*.

Ordlyden i *bestemmelser* om handel skil seg i liten grad frå føresegn om handel i *Regional plan for attraktive senter*, men det er framleis behov for nokre justeringar for å hindre uheldig presedensverknad og sikre føreseielege planprosessar. Dette blei drøfta i dialogmøte med Bergen kommune ved plan- og bygningsetaten den 21.09.2018. Fylkesrådmannen legg vekt på at kommuneplanen skal gje tydelege rammer for at handelsverksemd skal ha opne fasadar mot sentrale gater og byrom og underordne seg bystrukturen. Motsegn knytt til handel kan trekkjast når ordlyden er endra samsvar med regional føresegn for handel.

Når det gjeld berekraftig transport og universell utforming har KPA 2018 framleis noen manglar. Fylkesrådmannen saknar ei meir grundig omtale og oppfølging av desse sentrale plantema i saksframlegg og reviderte *bestemmelser*. Ved offentleg høyring fremja ikkje fylkesrådmannen forslag til motsegn knytt til berekraftig transport og universell utforming, då vi vurderte at dette var faglege råd som ikkje berre er nedfelt i regionale planar, men også var i samsvar med mål i samfunnsplanen som skal ligge til grunn for kommuneplanen sin arealdel. Fylkesrådmannen har utforma konkrete forslag til *bestemmelser*, og rår til at omsyn til kollektivtransport og universell utforming vert løfta og konkretisert tydeligare før 2.gongs handsaming.

## Forslag til vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at Kommuneplanens arealdel for Bergen 2018 – 2030 (KPA) Bergen er eit viktig dokument som stor grad følger opp mål i Regional planstrategi - Utviklingsplan for Hordaland.

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* er i hovudsak positiv til endringane som er gjort og vurderer at *bestemmelsene* har blitt supplert og forbetra på fleire viktige punkt.

2. **Handel**

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ber om at *bestemmelser* knytt til handel vert justert for å hindre presedens og sikre føreseielege planprosessar. Motsegn knytt til handel kan trekkjast når ordlyden er endra i samsvar med vårt innspel.

Retningslinje med endring må inn i *bestemmelsene*:

For ny eller samlet handel med bruksareal over 3000 m<sup>2</sup>, kreves det samtykke fra fylkeskommunen før tiltaket kan tillates (gjennom regulerings- eller byggesaksbehandling).

Endring av bestemmelser:

3. *Større lokalsentre (S13, S23, S25, S26 og sentrumskjerne Nyborg): Detaljhandel tilpasset handelsområdet tillates. Det skal utarbeides handelsanalyse før det gis tillatelse til ny handelsvirksomhet. For S26 og sentrumskjerne Nyborg kan det i tillegg tillates som krever større gulvareal enn det som lar seg innpasse i øvrige sentrumskjerner handelsvirksomhet som kan ha hele eller større deler av bydelen som handelsomland.*

4. *Øvrige lokalsentre: Det tillates dagligvarehandel og mindre handelsvirksomhet for nærmiljøet.*

*Kvalitetskrav : Handelsvirksomhet skal ha åpne fasader mot sentrale gater og Byrom og underordne seg bystrukturen.*

3. **Berekraftig transport**

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at KPA for Bergen bidreg til ein meir kollektivbasert byutvikling og legg til rette for sykkel og gange på ein god måte. For å sikre at areal til ny infrastruktur for kollektivtransport vert ivaretatt, må dette vurderast tidleg i planprosessane.

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ber om at *bestemmelsene* vert endra i samsvar med fylkesrådmannen sin tilråding i §4 *Rekkefølge* og i §16 *Mobilitet*.

4. **Universell utforming**

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at universell utforming er viktig for å skape bygde omgjevnader med likeverdige og inkluderande løysingar for alle.

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ber om at *bestemmelsene* vert konkretisert og rammer for universell utforming vert tydeleggjort i samsvar med fylkesrådmannen sin tilråding. Dette gjeld §8 *Byform og Arkitektur*, §16 *Mobilitet*, §14 *Uteoppholdsareal*, §15 *Universell utforming*, §17 *Parkering* og §26.3 *Sone 2 Byfortettingssone*.

5. **Kulturminne og kulturmiljø**

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at Bergen kommune har endra føresegna som langt på veg sikrar langsiktig vern og bruk av kulturminne- og kulturmiljø og konfliktpotensiale er redusert.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at Bergen kommune oppdaterer grunnkartet i tråd med kulturminnelova § 6 og inkludere den automatisk freda fem meters sikringssona rundt kvart kulturminne.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Fylkesrådmannen, forslag til bestemmelser KPA 2018 - 2030 - Bergen kommune
- 2 Særutskrift, fråsegn til KPA 2018 - 2030 - Bergen kommune
- 3 Bergen kommune fagnotat ,datert\_01\_335979a
- 4 Byrådssaken\_24.08.2018
- 5 Endringer i plankart
- 6 Bestemmelser-revidert

## Fylkesrådmannen, 05.10.2018

### Bakgrunn

Bergen kommune har sendt revidert forslag til kart og *bestemmelser* til kommuneplanens arealdel 2018-2030. Saka var til offentlig ettersyn før jul i 2017 og Hordaland fylkeskommune ga fråsegn til saka etter handsaming i utval for *Kultur- idrett og regional utvikling* dato 23.01.2018.

Hordaland fylkeskommune vurderer endringane i planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Om endringane medfører at verknad av planen vert vesentleg endra i høve til førre høyring kan *Kultur, idrett og regional utvikling* fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Saksframlegg og vedtak frå møtet 23.01.2018, er lagt ved saka, vedlegg 2.

### Generelt om planarbeidet

Kommuneplanens arealdel for Bergen 2018 – 2030 (KPA) er ein omfattande plan som tek på alvor dei store utfordringane knytt til klima og miljø, men også folkehelse og endringar i befolkningsstruktur. Planen følgjer i stor grad opp måla i kommuneplanens samfunnsdel «Bergen 2030» og er i tråd med hovudmål i regional planstrategi og regionale planar. I samband med høyringa vinteren 2017, støtta Hordaland fylkeskommune hovudgrep i planforslaget og ga kommunen ros for å våge å ta radikale grep for å imøtekomme dei alvorlege utfordringane vi har knytt til klima og miljø.

Fylkesrådmannen vurderer at forslag til endringar i kart og *bestemmelser* gir tydelegare rammer for kvalitetskrav knytt til arkitektur og bukvilheit, kulturminne, strandsone og blågrøne strukturar, folkehelse og støy. Fylkesrådmannen har noen merknader til utvalde tema og vil gå nærmare inn på disse i det vidare.

Samla oppsummering av høyringa og framstilling av endringane i KPA 2018, ligg i høyringdokumenta frå Bergen kommune i vedlegg 3-6.

### Senterstruktur og handel

I fråsegn til førre høyring var det knytt motsegn til tema handel. I møte med Bergen kommune 21.09.18 vart det semje om at føresegnene skulle bli gitt same ordlyd som i *Regional plan for attraktive senter, senterstruktur, tenester og handel*. Ordlyden i nytt forslag til *bestemmelser* om handel skil seg i liten grad frå føresegn om handel i *Regional plan for attraktive senter*, men det er framleis behov for nokre justeringar for å hindre presedens og sikre føreseielege planprosessar. Fylkesrådmannen legg vekt på at kommuneplanen skal gje tydelege rammer for at all handelsverksemd skal ha opne fasadar mot sentrale gater og byrom og underordne seg bystrukturen,

Motsegn knytt til handel kan trekkjast når ordlyden er endra som følgjer. (Ord som er lagt til er utheva, ord som er stroke går ut.)

Retningslinje med endring må inn i *bestemmelsene*:

*For ny eller samlet handel med bruksareal over 3000 m<sup>2</sup>, kreves det samtykke fra fylkeskommunen før tiltaket kan tillates (gjennom regulerings- eller byggesaksbehandling).*

Endring av bestemmelser:

*3. Større lokalsentre (S13, S23, S25, S26 og sentrumskerne Nyborg): Detaljhandel tilpasset handelsområdet tillates. Det skal utarbeides handelsanalyse før det gis tillatelse til ny handelsvirksomhet. For S26 og sentrumskerne Nyborg kan det i tillegg tillates handel med møbler, elektriske artikler m.v, som*

*krever større gulvareal enn det som lar seg innpasse i øvrige sentrumskjerner **handelsvirksomhet som kan ha hele eller større deler av bydelen som handelsomland.***

*4. Øvrige lokalsentre: Det tillates dagligvarehandel og med bruksareal inntil 1500 m<sup>2</sup>. Utover dette tillates kun mindre handelsvirksomhet for nærmiljøet.*

*Kvalitetskrav : Handelsvirksomhet skal ha åpne fasader mot sentrale gater og byrom **og underordne seg bystrukturen.***

## **Berekraftig transport**

Kommuneplanen i Bergen er eit viktig dokument for å nå mål om reduserte klimagassutslepp og nullvekst i personbiltransport i Bergensområdet. For å nå desse ambisiøse måla er mellom anna kollektivtransport ei vesentleg del av virkemiddelene vi har. Utan god tilgjenge, framkomst og infrastruktur for buss vil det vere vanskelig å kunne oppretthalde dagens tilbod og utvikle dette vidare i høve til auka etterspurnaden og satsing.

I førre høyring ba *Utval for kultur, idrett og regional utvikling*, om at behov for areal til infrastruktur for kollektivtransport vert vurdert i alle planar. Fylkesrådmannen ga vidare konkrete forslag til føreseieleg og god forvaltning av desse interessene. Råda vart ikkje tatt til følgje i det reviderte utkastet til KPA. Dette blei drøfta i møtet med Bergen kommune og kommunen har utforma forslag til endringar i *bestemmelsene*.

Fylkesrådmannen har følgjande forslag til endring av *bestemmelsene* knytt til berekraftig transport i KPA for Bergen 2018-2030.

§ 4 Rekkefølge: For å sikre gjennomføring av kollektivtransporttiltak bør det vere eit eige punkt knytt til moglege behov for utbetring el. nyetablering av kollektivinfrastruktur i samband med reguleringsplan. Formuleringar er meir konkret enn kommunen sitt forslag om et meir generelt krav til kollektivtilbod, som kan vere vanskeleg å definere og følgje opp i ei reguleringsplanprosess.

§16 Mobilitet, retningslinjer: Det bør konkretiserast at det også skal gjerast greie for behov for utbetringar eller nyetablering av kollektivinfrastruktur (haldeplass, oppstillingsplassar, endestopp med vendemoglegheit, ladeinfrastruktur, framkomst for buss m.m.)dette kan igjen sjåast i samanheng med evt behov for rekkjefølgekrav.

Kollektivstrategi for Hordaland bør leggst inn som grunnlagsdokument.

## **Universell utforming**

*Mål i Regional plan for folkehelse seier i 1.4, at - Hordaland skal vere eit universelt utforma samfunn innan 2025. Den seier også at - Deltaking for alle og universell utforming skal vere eit gjennomgåande prinsipp for alle regionale og kommunale planar.*

Universell utforming er grunnleggande for likeverd og eit inkluderande samfunn. Vi registrerer at forslag til *bestemmelser* viser til Teknisk forskrift(TEK) og presiserer heller behov for unntak, enn ein offensiv satsing på universell utforming. Dette står i kontrast til dei ambisiøse måla i Samfunnsplanen om sosial berekraft og førebygging av utanforskap. Kommunen har eit større handlingsrom når det gjeld universell utforming enn det den gjer seg nytte av. Vi rår til at universell utforming vert bakt inn i dei ulike plantema med konkrete forventningar og krav. Kommunen signaliserer med dette ei meir offensiv haldning til fagfeltet som ein naturleg del av alle plan- og byggesaker.

I forslag til *bestemmelser* om universell utforming lagt til §15, rår vi til ein moderering av generelt krav om tilgjenge som standard i alle nye bustader. Dette er delvis fordi Teknisk forskrift varetar dette omsynet langt på veg. Ei ytterlegare skjerping utan konkretisering kan føre til motsett verknad og skape auka behov for dispensasjonar.

Fylkesrådmannen rår til at konkrete krav til universell utforming vert del av dei ulike føresegnene som til dømes *mobilitet, arkitektur, uteareal* med meir og har følgjande innspel til endringar i *bestemmelsene*:

#### § 8 Byform og arkitektur

I pkt 2 bør det føyas til at det skal vere høg kvalitet i arkitektur og byromsutforming med vekt på universelt utforma hovudløysingar. I målsetnga til pkt 1 bør det presiseras at bygningar og byrom skal utformast på ein slik måte at flest mogeleg kan bruke desse på likeverdig måte.

Når det gjeld retningslinjer i pkt. 3 viser kommunen til at det skal utarbeidast ei rettleiar til utarbeiding av stadanalyse. I denne bør det stillast særskilte krav til vurdering av eksisterande situasjon i høve til universell utforming. Det kan vere behov for oppgradering eller nye tiltak for å legge til rette for meir inkluderande offentlege rom.

#### Mobilitet §16 retningslinjer

Mobilitetsplan bør også gjere greie for behov for nyetablering el. oppgradering av gangforbindelser med universell utforming. Det skal leggas til rette for både kognitiv og fysisk funksjonsnedsetting som for eksempel tosidig rekkverk, kvilerepos, sitteplassar, skilting, ledelinjer og andre tiltak som bidrar til enkel orientering og bevegelse for menneske med funksjonsnedsetting.

#### § 17 Parkering

Det bør presiserast at frikjøpsordning av parkering ikkje gjeld HC-parkering. Retningslinjene må fange opp at der det ikkje er stilt parkeringsplasskrav skal det vere tilbod om HC- parkering. Og om det ikkje er mogleg å etablere HC-parkeringsplass nær inngang, skal det etablerast tilfredsstillande kjøreatkomst. ( utforming ref Statens vegvesens håndbok V129)

#### § 14 Uteoppholdsareal

Fordi kommunen i arealplanen i større grader viser til at offentleg areal skal nyttast også som uteareal for bustadene i nærleiken, er det særleg viktig at det vert sikra universelt utforma trase frå bustad til park el. torg. For offentleg plass stiller TEK krav til universell utforming, men det er ein risiko at koplinga mellom heim og uteareal ikkje er sikra opparbeida universelt utforma standard. Dette bør også vere eit tema i krav til rekkjefølge.

#### § 15 Universell utforming

Under denne § rår fylkesrådmannen til å bare behalde eit revidert punkt, sidan andre tema er tatt inn i andre §. Vi rår til at det vert presisert eit generelt omsyn som setter universell utforming høgare på agendaen. Til dømes :

*1. Reguleringsplaner skal redegjøre for universell utforming både internt i planområdet og i sammenheng med omgivelsene. Der det er konflikt skal planarbeidet avveie ulike løysningar, prinsipp om inkludering og likeverd skal legges til grunn for vurderingene..*

#### 26.3 Sone 2 Byfortettingssone

I pkt 4 står det at *ny boligbebyggelse skal ha variasjon i type og størrelse av boliger. Boliger skal som hovedregel ha inngang fra gaten.* TEK 17 stiller krav om heis og tilgjengelig standard i alle bustadbygg over 3 etasjer. Som nemt tidlegare er det truleg ikkje hensiktsmessig å kreve tilgjengeleg standard i alle nye bustader, men det kan bidra til ønskt variasjon i bustadtilbod om ein i kommuneplanen stiller krav om at i bustader utan krav om heis, skal det legges til rette for at hovedfunksjonar kan være på bygningens inngangsplan. Trinnfri atkomst skal være hovudprinsipp og det skal vere krav om tilgjengelig trase til avfallsystem og parkeringsplass.

## Folkehelse

### § 9 Bolig og boligkvalitet

Sidan førre høyring har kommunen lagt til ei ny føresegn knytt til sosial bustadbygging. *Pkt 6. Ved bygging av kommunale boliger for grupper med særlige behov, og andre offentlige boligtilbud for spesielle grupper, kan det tillates unntak fra funksjons- og kvalitetskrav i kommuneplanens bestemmelser dersom det fremstår som nødvendig og forsvarlig ut fra en analyse av den aktuelle beboergruppens behov.*

Fylkesrådmannen ser behov for å nytte tilgjengeleg ressursar på ein mest mogeleg måte, men vurderer at forslag til ordlyd understreker behov for unntak, i motsetnad til ein offensiv haldning som seier noko kva kvalitetar ein ynskjer å sikre for sårbare grupper.

Fylkesrådmannen har følgjande konkrete forslag til endra ordlyd:

*Pkt 6. Lokalisering og bygging av boliger for grupper med særlige behov for tilrettelegging skal planlegges på bakgrunn av en samlet vurdering av konsekvenser knyttet til tilgjengelighet og funksjonalitet, sosial inkludering, utbyggingsmønster, transport, lokalklima m.m.*

## Kulturminne og kulturmiljø

Fylkesrådmannen er nøgd med at kommunen har gjort fleire endringar av plankart og *bestemmelser* som styrker kulturminne- og miljøa og har løyst motsegna knytt til kulturminne i planen. Vi ser det som positivt at kommunen tek innspel i høve automatisk freda kulturminne til etterretning og gjer endringar i planen. Det automatisk freda kulturminnet «mellomalderbyen Bergen» får påført den lovfesta 5 meters sikringssona som ei buffer rundt kulturminnet. I tillegg vert automatisk freda kyrkjer, kyrkjestader, kyrkjegardar og automatisk freda byggverk innarbeida i plankartet. Vi ser det også som positivt at arealet ved Fana prestegard ikkje vert regulert til grav- og urnelund, men opprettheld sin status som LNF-område. Bergen kommune ynskjer ikkje vise alle automatisk freda kulturminne i plankartet, men viser til grunnkartet, Bergenskart.no. I vår merknad til høyring, punkt 9. II., ber vi kommunen oppdatere sitt grunnkart og inkludere den automatisk freda fem meters sikringssonen rundt kvart kulturminne slik at kartet vert juridisk riktig. Vi er ueinig i at det ikkje er ein del av kommuneplanprosessen då ein viser til eit kartgrunnlag som viser feil avgrensing for nærare 1000 automatisk freda kulturminne i kommunen.

Kvalitet og identitet er viktige i utforming av omgjevnaane våre. Endringa til at byggjehøgden som hovudregel ikkje skal overstige 4 etasjar men at ein gjennom regulering skal vurdere andre høgder med bakgrunn i stadens karakter og eksisterande bygningsmiljø understreker planens intensjon om ein Bergens byggeskikk. Vi er derfor nøgde med at kommunen har gjort endringar i *bestemmelser* og retningslinjer der det er stilt tydeligare krav til at gjennom planarbeid skal ein framheve stadens eigenart. Styrking av *bestemmelser* og retningslinjer er med på å sikre kulturminna- og miljøa i kommunen. Særlig meiner vi at retningslinja til §8 byform og arkitektur punkt 2.1 kan være med å sikre at ein tek vare på og utviklar nye prosjekt med utgangspunkt i stadens eigenart og at dei eksisterande kvalitetane skal vektleggast. Vi meiner derimot at det er utfordrande at fagetaten i saksframstillinga til Byrådsaka til endringane av planen, under Forhold til hensynssone kulturmiljø fortsatt utfordrar intensjonen til omsynssonane.

Føresegna i §12 Kulturminner og kulturmiljø er endra og styrka. No står det at det omkringliggande bygningsmiljøet og den stadeigne by- og byggeskikken skal vektleggast. Fagnotatet til den avgrensa høyringa beskriver at dei same områdene kjem til å bli transformert og at det vil skje store endringar i struktur og bygningsmiljø. Vi ser framleis potensiale for krevjande prosessar i det vidare planarbeidet når forventingane til utbygging og transformasjon ikkje er i samsvar med forventingane til bevaring av kulturmiljø.

Knytt til utvikling av sykkelstamveger er det stadig konflikt som følgje av konsekvensen av dimensjonane som leggst til grunn for sykkelveger opp mot andre verdiar som landskap, grønstruktur og kulturminner. I retningslinjene til § 16 tar kommunen eit klart val og seier at Vegvesenet sine normer i N100 nokre gonger

ikkje kan nyttast då desse kjem i for stor konflikt med andre verdiar. I retningslinjene står det at dette gjeld spesielt i bystruktur. Vi ber om at ein i retningslinja tar med at dette også gjelde i omsynssonene i KPA.

Forslag til retningslinje kan være:

*Det skal tas hensyn til at infrastruktur for sykkel ikke alltid kan følge normene i N100. Dette gjelder spesielt i bystruktur og områder med hensynssone som har kulturhistorisk og grønne verdier.*

### **Merknader knytt til prosess**

Som viktigaste planverktøy for vidare utvikling av fylkessenteret i Hordaland, har KPA 2018-2030 stor interesse for Hordaland fylkeskommunen og våre ansvarsområder. Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune til høyringa, var difor resultat av ei omfattande prosess med bidrag frå ei rekkje fagpersoner og på tvers av sektorar i fylkesadministrasjonen. Med bakgrunn i fylkeskommune sitt ansvar for regional planlegging og sektoransvar for mellom anna kollektivtransport, kulturminne med meir, inviterte fylkesrådmannen til vidare samhandling og dialog om det vidare planarbeidet. Med unntak av møtet 21.09.18 og oppfølging etter dette, har det ikkje vore samarbeid etter høyringsfasen. Fylkesrådmannen synes at våre faglege råd i liten grad vert tatt til følgje når det ikkje er knytt motsegn til desse. Det gjeld også tema av nasjonal og regional interesse, og tema som også er i samsvar med kommunen sin samfunnsplan. Dette er ei uheldig utvikling med bakgrunn i statlege retningslinjer om reduksjon i bruk av motsegn. Fylkesrådmannen ventar at våre faglege råda vert vektlagt i det vidare.

### **Oppsummering**

Etter at kommuneplanens arealdel for Bergen var på høyring vinteren 2017 er den revidert som følgje av innspel og merknader og lagt ut på ny høyring. I møtet i Utval for *Kultur-, idrett og regional utvikling*, den 23.01.2018 blei det gjort vedtak knytt til plantema av regional interesse. Utvalet vedtok motsegn knytt til handel og kulturminne.

I det reviderte forslaget har kommunen i hovudsak kome motsegnene i møte når det gjeld omsyn til kulturminne og kulturmiljø. Fylkesrådmannen vurderer at denne motsegna kan trekkjast, men presiserer behov for oppgradering av grunnkart med omsyn til sikringssona rundt automatisk freda kulturminne. Ved etablering av infrastruktur for sykkel må det leggjas vekt på kulturhistoriske og grønne verdiar også utanfor den tette byen.

Når det gjeld motsegn knytt til handel, attstår det mindre justeringar i ordlyd for å hindre uheldig presedensverknad og sikre føreseielege planprosessar. Dette er drøfta med Bergen kommune i dialogmøtet. Motsegn kan trekkjast når endeleg ordlyd føreligg.

Fylkesrådmannen ga ei rekkje konkrete faglege råd knytt til arealbehov for kollektivtransport til høyringa. Dette er ikkje blitt gitt prioritet i revidering av planforslaget, men er drøfta i dialogmøte. Fylkesrådmannen vil understreke at vurdering av behov for areal til miljøvenleg transport må vere inne i tidleg fase i reguleringsplanane om ein skal nå mål om skape eit attraktivt kollektivtilbod og auka tal på reisande.

Det same gjeld *bestemmelser* knytt til universell utforming. Fylkesrådmannen rår i frå å isolere universell utforming og tilgjengelegheit i ei *bestemmelse*, men tema bør flettast inn som ein av fleire premiss for kvalitet i ulike plantema. Kommunen kan slik nytte sitt handlingsrom for betre og meir tilpassa løysingar i dei enkelte plan- og byggesakene.

Forslag til endringar i *bestemmelsene*, sjå vedlegg 1.